

Oversikt over råd og utval med studentrepresentantar ved HVO

Råd/utval	Mandat	Samansetjing	Møter
Utdanningsutvalet -Utvikling og kvalitetssikring av studieprogram SP vel 1 student og 2 vara I tillegg er fagansvarleg i SP fast repr.	Utdanningsutvalet arbeider med utviklinga av dei ulike studieprogramma og med kvalitetsarbeid ved Høgskulen. Utvalet har i oppgåve å diskutere overordna utdannings- og studiestrategi - kva HVO skal tilby av utdanningar på lang og kort sikt, og vere rådgjevande organ for Høgskulestyret. Godkjenne etablering av studium til og med 30 studiepoeng, studie- og emneplanar for studium som er vedteke etablert. Utvalet lagar årsrapport for studiekvalitet og vurderer kandidatar til utdanningsprisen og innstiller til styret. Honorar etter statlege satsar, 518 pr time	Prorektor (leiar), dei fire dekanane, to studentrepresentantar (den eine fagansvarleg i AU). Rektor og høgskuledirektør har talerett. Kontaktperson/sekretær: Anne Helene Sørhagen, stud.adm.	Ca 7 møter per studieår
Internasjonalt utval - Internasjonalisering og utveksling SP vel 1 student og 2 vara. I tillegg er Internasj. ansv. fast repr.	Internasjonalt utval er eit strategisk, rådgjevande og samordna organ som tek opp saker som angår internasjonalt arbeid ved HVO. Utvalet har i oppgåve å rullere handlingsplanar for internasjonalt arbeid, fordele mobilitetsmidlar og å gjennomgå avtaleporteføljen til HVO. Honorar etter statlege satsar, 518 pr time	Prorektor (leiar), studiedirektør, ein repr. frå kvar av dei fire avdelingane ved HVO, ein frå SiVolda, to studentar (den eine internasjonalt ansvarleg i AU). Kontaktperson/sekretær: Arne Humberst, internasjonalt kontor	Ca 6 møter per studieår
Læringsmiljøutvalet (LMU) - Studentane sitt læringsmiljø SP vel 3 studentar og 4 vara I tillegg er velferdsansvarleg fast repr.	Læringsmiljøutvalet arbeider for å kvalitetssikre at læringsmiljøet til studentane er tilfredsstillande. Mandatet for utvalet er lovpålagt, og utvalet rapporterer direkte til Høgskulestyret. LMU skal etter Universitets- og høgskulelova §4-3, 3. ledd haldast orientert om klager frå studentar som gjeld læringsmiljøet, og kan uttale seg om slike forhold til styret. Utvalet vel kvart år leiar vekselvis blant HVO og studentane sine representantar. Honorar etter statlege satsar, 518 pr time, 685 for leiar i utvalet (annakvart år ein student) Honorar etter statlege satsar, 518 pr time	Tre representantar frå HVO (to vitskapleg tilsette, 1 tilsett frå teknisk/administrative stillingar, 2 tilsette frå vitskaplege stillingar, observatørar; rådgjevar frå Samskipnaden og Studentombodet. 3 studentrepresentantar (den eine er velferdsansvarleg i AU). Kontaktperson/sekretær: Ingunn Blindheim, stud.adm.	Ca 7 møter per studieår
Tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskningsstillingar (TUFO) - Tilsetjing av fagleg tilsette ved HVO SP vel 2 studentar og 2 vara	Tilsetjingsutvalet er ansvarleg for tilsettingar i faglege stillingar ved HVO, både faste og mellombelse stillingar, samt permisjonssaker. Representantane i utvalet får innsyn i kven som søker, og er med på å avgjere kven som skal få tilbod om stilling. Arbeidet i utvalet vert handtert etter Universitets- og høgskulelova 2005-04-01 (kapittel 6), Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger 2006-02-09 (kapittel 1) og HVO styrevedtak i sak 70/2003 Samansetjing av tilsetjingsutvalet. Honorar etter statlege satsar, 518 pr time	Rektor, høgskuledirektør, aktuell dekan, ein styreoppnemnd representant frå fagpersonalet, ein tillitsvald frå fagpersonalet, to studentrepresentantar. Kontaktperson/sekretær: personalsjef Randi Urke	Etter behov, ca 8-10 møter per studieår.

<p>Nemnd for studentsaker (tidl. Klagenemnda) - Handsaming av klager og fusk</p> <p>SP vel 2 studentar og 2 vara</p>	<p>Nemnd for studentsaker handterer saker etter Universitets- og høgskulelova §4.7, §4.8 §4.10 §5.10 om fusk eller forsøk på fusk, klager på formelle feil ved eksamen og klage på enkeltvedtak, slik som klage på avslag på opptak, avslag på innpassing m.m.</p> <p>Til valet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ein kan ikkje sitje i både nemnd for studentsaker og skikkanemnda, då saker i den eine nemnda kan gå til endeleg handsaming i den andre, og då skal behandlast med nye auge. - Det er frå HVO si side sterkt ønskeleg med kjønnsbalanse i utvalet, men ikkje eit absolutt krav. <p>Honorar etter statlege satsar, 518 pr time</p>	<p>Ekstern jurist med domarfullmektigkompetanse (leiar), to fagtilsette, to studentrepresentantar.</p> <p>Kontaktperson/sekretær: Hege Robudal Stenkløv, stud.adm.</p>	<p>Etter behov, ca 6-8 gongar i studieåret</p>
<p>Skikkanemnda - Vurdering av studentars skikkaheit til yrket</p> <p>SP vel 2 studentar og 2 vara</p>	<p>Skikkanemnda handterer saker etter Forskrift om skikkavurdering i høgere utdanning, heimla i Universitets- og høgskulelova sin § 4-10, som omfattar om lag 25 ulike pedagogiske og helse- og sosialfaglege utdanningar. På desse studia skal det gjerast ei heilskapsvurdering av alle studentane gjennom studietida om dei er skikka til yrket. Ein student som kan utgjere ein mogleg fare for sine barnehagebarn/elevar/ eller pasientar/klientar/ brukarar sitt liv, psykiske og fysiske helse eller tryggleik, er ikkje skikka for yrket. Ved tvilsmelding (skriftleg grunngjeven tvil om ein student er skikka), skal nemnda gjere ei skikkavurdering.</p> <p>Til valet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Same student kan ikkje sitje i både nemnd for studentsaker og skikkanemnda, då saker i skikkanemnda kan bli klaga inn til nemnd for studentsaker, og då skal sjåast med nye auge. - Ein må vere student ved eit av dei studia som er omfatta av lovverket om skikkavurdering for å sitje i dette utvalet (dvs. lærar, bhg-lærar, sosionom og barnevern). - Det er frå HVO si side sterkt ønskeleg med kjønnsbalanse i utvalet, men ikkje eit absolutt krav. <p>Honorar etter statlege satsar, 518 pr time</p>	<p>Ein fagleg leiar, ein studieleiar, to representantar frå praksisfeltet, to faglærarar, to studentrepresentantar og ein ekstern jurist.</p> <p>Kontaktperson/sekretær: Elisabeth Welle, AHL</p>	<p>Etter behov.</p>
<p>Valstyret- Val av høgskulestyre og rektor</p> <p>SP vel 1 student og 2 vara I tillegg er infoansvarleg fast repr.</p>	<p>Valstyret har ansvar for det administrative knytt til nominasjonsprosess og gjennomføring av val av høgskulestyret og val av rektor. Studentrepresentantar til høgskulestyret vert valde kvart år ved starten av haustsemesteret, medan rektorval og val av øvrige medlemmar i høgskulestyret skjer kvart fjerde år.</p> <p>Honorar etter statlege satsar, 518 pr time</p>	<p>Fem representantar frå dei tilsette ved HVO, to studentar, der den eine er informasjonsansvarleg i AU.</p> <p>Kontaktperson/sekretær: Mona-Cecilie Andersen, stud.adm.</p>	<p>Ca 4-5 møter per studieår, nokre fleire når det er tilsettval/rektorval.</p>
<p>Forskningsutvalet - Forsking og utvikling</p>	<p>Forskningsutvalet er eit rådgjevande og strategisk organ for leiinga og styret ved HVO i saker som gjeld forskning, formidling, innovasjon, forskarutdanning, fagleg og</p>	<p>Prorektor (leiar), dei fire dekanane, fire forskarar (ein frå kvar avdeling),</p>	<p>Ca 6 møter per studieår</p>

<p>SP vel 1 student og 2 vara I tillegg er fagansvarleg fast repr.</p>	<p>kunstnarleg utviklingsarbeid. Utvalet skal mellom anna gje råd om strategiar og tiltak for å styrkje omfanget og kvaliteten på forskinga ved HVO, vere pådrivar for høg kvalitet og internasjonalisering i forskinga, og stimulere til studentaktiv FoU-verksemd.</p> <p>Honorar etter statlege satsar, 518 pr time</p>	<p>ein stipendiat og to studentrepresentantar. Høgskuledirektør, biblioteksjef og tilsette i forskingsadministrasjonen har observatørstatus.</p> <p>Kontaktperson/sekretær: Henriette Hafsaas, forskingsadm.</p>	
<p>Miljøfyrtårn arbeidsgruppe- Ivareta sertifiseringa Høgskulen har som miljøfyrtårn</p> <p>SP vel 1 student og 1 vara.</p>	<p>Høgskulen vart sertifisert som Miljøfyrtårn i 2018. Å verre Miljøfyrtårn krev at Høgskulen jobbar systematisk for å oppfylle miljøkrav som er sett til vår bransje. Tiltak som skal bidra til meir miljøvenleg drift og eit godt arbeidsmiljø for studentar og tilsette. Arbeidsgruppa har ei viktig rolle i å bidra til å vidareutvikle og gjere høgskulen sine klima- og miljøtiltak kjende. Miljøfyrtårnansvarleg har ansvar for at dokumentasjonen er på plass innan frist.</p> <p>Vervet er ikkje honorert.</p>	<p>Arbeidsgruppa består av 5 tilsette frå ulike avdelingar, HR, eigedom, bibliotek, studieadministrasjon og hovudverneombod, samt ein student. Kontaktperson/sekretær: Miljøfyrtårnansvarleg Solbjørg Nossen Leite, HR</p>	<p>Ca 3 møter per studieår, 1 haust og 2 på vår.</p>
<p>Styret i Studentsamskipnaden i Volda (SiVolda) - Studentvelferd</p> <p>SP vel 3 studentar og 3 vara for komande studieår i april kvart år</p>	<p>Studentsamskipnaden i Volda er til for at studentane skal ha ein god og trygg studiekvardag. Samskipnaden tilbyr ei rekkje velferdstenester til studentar, slik som bustad, kantinedrift, studentbarnehage, Studenthuset Rokken, rådgjevings- og psykologteneste ++.</p> <p>Styrehonorar på ca 2700 per møte.</p>	<p>Studentane har fleirtal i styret i SiVolda, som består av 1 representant frå HVO, 1 representant for dei tilsette i SiVolda og 3 studentrepresentantar.</p> <p>Kontaktperson/sekretær: Rune Aasen, adm.dir. SiVolda</p>	<p>ca 6 møter per studieår</p>
<p>Høgskulestyret - Det øvste organet ved Høgskulen</p> <p>NB: ikkje valt av Studentparlamentet, men direkteval blant alle studentar. Valstyret har ansvar for gjennomføringa av valet av 2 studentar i september/oktober kvart år.</p>	<p>Høgskulestyret er det øvste organet ved Høgskulen i Volda og har det overordna ansvaret for institusjonen, både fagleg og administrativt. Høgskulestyret delegerer avgjerslemynde til andre i institusjonen gjennom sitt delegasjonsreglement, men styret står alltid øvst ansvarleg. Styret peikar ut strategi og planar for høgskulen, fastsetje mål og resultatkrav, og fastsetje høgskulen si interne organisering.</p> <p>Til valet: - Det skal veljast ein kvinneleg og ein mannleg student med kvar sine personlege varaer.</p> <p>Styrehonorar ca 70.000 kr + møtegodtgjersle per møte.</p>	<p>rektor (styreleiar), 4 tilsette på høgskulen (to fagleg tilsette og to teknisk/administrativt tilsette), 4 eksterne medlemmer og 2 studentmedlemmer.</p> <p>Kontaktperson/sekretær: Ann-Kristin Emblem, høgskuledirektør</p>	<p>ca 8-10 møter per studieår.</p>